



Køyretøy Historisk Klubb Voss inviterer til Norgesløpet VossaRudl'n 2022

Pinsen, fredag 3. juni til mandag 6. juni.

FREDAG 3. JUNI

For dykk som kjem fredag vil det vera sosial samkoma på kvelden.

Kl 19:30 Middag og omvising Smalahovetunet AS. For pris og påmelding, sjå påmeldingsskjema.

LAURDAG 4. JUNI

Laurdag er løpsdagen og Norgesløpet VossaRudl'n 2022 vert gjennomført.

Oppstilling i startområdet på Bømoen, (om lag 4,7 km utafor Voss sentrum).

Løpet vert gjennomført etter same lest som tidlegare.

Me gjer merksam på at alle deltakarar må innom alle oppgåvepostar, lunsj og fotopost for å fullføra løpet.

Målgang ved løpshotellet Stalheim Hotel. Dagen vert avslutta med løpsfest og premieutdeling.

For deg som ikkje skal overnatta på løpshotellet Stalheim Hotel, men ynskjer å delta på løpsfesten melder du deg på via påmeldingsskjema samstundes med løpspåmeldinga. Sjå elles informasjon om pris og påmelding der.

SUNDAG 5. JUNI

Sundagen inviterer me deltakarane med på ulike aktivitetar. Sjå program for sundagen i eige dokument.

Stalheim Hotel tilbyr lunsj for dei som ikkje skal delta på aktivitetar. Betaling for lunsj direkte til hotellet.

Middag på Stalheim Hotel er inkludert i overnattinga.

For deg som ikkje skal overnatta på Stalheim Hotel, men ynskjer å delta på kveldsarrangementet og middagsbuffet, melder du deg på via påmeldingsskjema samstundes med løpspåmeldinga. Sjå elles informasjon om pris og påmelding der.

MÅNDAG 6. JUNI

Frukost, drøs, avskjed og heimreis.

Påmelding, prisar og betaling:

Påmelding til løpet er elektronisk, via www.deltager.no

Lenkje til påmelding: https://www.deltager.no/event/norgeslopet_vossarudln_2022_03062022

Deltakaravgifta er i år kr 830 kr, dette inkluderer lunsj for sjåfør.

Lunsj for passasjer samt andre organiserte aktivitetar kjem i tillegg, sjå påmeldingsskjema.

Ved betalt påmelding vil du motta ein sms/e-post med eit referansenummer.

Dette referansenummeret må du ha dersom du skal bestilla hotellrom ved løpshotellet Stalheim Hotel.

Det er ikkje mogeleg å bestilla overnatting ved løpshotellet før du har plass i løpet.

OBS: Bestill hotellrom i same namn som påmeldinga!

Det er viktig at du les orientering og påmeldingsskjema nøye, og fyller ut korrekt informasjon.

Køyretøy med årsmodell til og med 1992 kan delta. Maksimalt antal deltakande køyretøy er sett til 160 (med atterhald om endringar i smittesituasjonen og restriksjonar frå FHI/regjeringa)

Påmelding opnar 1. april 2022.

Frist for påmelding 30. april 2022, med atterhald om framleis ledig plass.



Overnatting:

Alle deltakere må bestille overnatting sjølve.

Ved betalt påmelding vil du motta ein sms/e-post med eit referansenummer.

Dette referansenummeret må du ha dersom du skal bestille hotellrom ved løpshotellet Stalheim Hotel.

Det er ikkje mogeleg å bestille overnatting ved løpshotellet før du har plass i løpet.

OBS: Bestill hotellrom i SAME NAMN SOM PÅMELDING

Bestill gjerne rom via e-post: trygve@stalheim.com – legg ved referansenummer for påmelding

På grunn av kapasitet ved løpshotellet Stalheim Hotel, kan ein diverre ikkje bestille overnatting til andre enn deltakar og eventuelle passasjerar. Me ber om forståing for dette.

Løpshotellet er Stalheim Hotel.

Stalheim Hotel, 5715 Stalheim, Telefon: 56520122, E-post: trygve@stalheim.com

Prisar overnatting Stalheim Hotel

Pris for heile opphaldet: kr 2750,- per person inkluderer:

2 overnattingar (4. og 5 juni – 2022), middag laurdag, frukost og middag søndag og frukost måndag.

Born: 5 - 15 år - på ekstraseng i foreldrenes rom, per døgn kr. 600,-

Born: 0 - 4 år gratis

Tillegg for enkeltrom er kr 300,- for heile opphaldet.

Stalheim Hotel er primært for dei som skal overnatta laurdag til måndag!

Løpsmiddag, laurdag kveld, for dei som ikkje overnattar på hotellet: kr 400,- Sjå påmeldingsskjema.

Middagsbuffet, søndag kveld, for dei som ikkje overnattar på hotellet: kr 400,- Sjå påmeldingsskjema.

Alternativ overnattingar:

Myrkdalen Hotel, Klypeteigane, 5713 Vossestrand, tlf: 47471600, e-post: post@myrkdalen.no

Gudvangen Fjordtoll, 5747 Gudvangen, tlf: 48075555, e-post: booking@gudvangen.com

Fleischer's Hotel, Voss sentrum, tlf: 56520500, e-post: hotel@fleischers.no

Park Hotel Vossevangen, Voss sentrum, tlf: 56531000, e-post: booking@parkvoss.no

Scandic Voss, tlf: 23155000, Voss sentrum, e-post: voss@scandichotels.com

OBS:

Prisar hjå desse alternative hotella inkluderer **ikkje** middag på Stalheim hotell.

For detaljert informasjon om påmelding, arrangement og prisar, sjå facebookside **Veteranvognløpet Norgesløpet VossaRudl'n 4. juni 2022** eller **Køyretøy Historisk Klubb Voss**.

Har du spørsmål, kan du retta dei til post@khkv.no

Med atterhald om endringar i smittesituasjonen og eventuelle nye smittevernsrestriksjonar.

Situasjonen endrar seg frå veke til veke, og arrangøren vil nødig vera grobotn for smitteutbrot og brot på smittevernsreglar. Me har difor utsett opning av påmelding til 1. april.

Velkomne til Voss i pinsehelga 2022